



Vår dato:

08.11.2019

Vår ref:

2019/15989

Dykkar dato:

12.08.2019

Dykkar ref:

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Line Sperre, 55 57 20 85

Høyringssvar - Forslag til endring i barnehagelova

Fylkesmannen i Vestland viser til oversending av forslag til endringar i barnehagelova frå Kunnskapsdepartementet, datert 12. august 2019. Høyringsfristen er 13. november 2019.

Innleiing

Fylkesmannen i Vestland er i utgangspunktet og jamt over einig med Kunnskapsdepartementet sine forslag i høyringsnotatet. Vi meiner departementet legg opp til tenlege endringar i barnehagelova. Vi vurderer det likevel slik at nokre føresetnader må vere på plass, før dei nye reglane eventuelt kan få verknad. Dette gjeld kompetanseheving, rettleiing og tydelege rolleavklaringar. I høyringsnotatet legg departementet stort sett til grunn at endringane i lova ikkje vil ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar. Fylkesmannen i Vestland vil likevel påpeike at det vil bli krevjande å implementere fleire av endringane, og å gjere desse kjende for barnehagesektoren. Ein må rekne med at omfanget av opplæring og rettleiing rundt endringane vil bli stort, og det bør tydeleggjerast kven som har ansvaret for dette. Kommunane som barnehagemyndigkeit må uansett rustast for det arbeidet barnehagane må gjere for å rette seg etter dei nye reglane.

Kommentarar til kapittel 7 – Krav til nulltoleranse og til å arbeide førebyggande

Fylkesmannen i Vestland vurderer at lovforslaget om aktivitetsplikt synleggjer og erkjenner at det også skjer krenkingar i barnehagen. Dette gjeld både krenkingar mellom barn og frå vaksne. Skildringa av kva som er ei krenking i punkt 7.3.2 vurderer vi som ei viktig presisering, særleg for dei minste barna. Det må likevel gjerast tydeleg kva som er krenkande åfjerd. Kor går grensa for kva som er ei krenking, og kva som er naudsynt til dømes for å roe barnet og skjerme dei andre barna? Vi ser at dette ikkje er problematisert i høyringsnotatet. Spørsmålet om kva som er maktmisbruk vil kunne bli tvinga fram, og kven vurderer kva som er terskelen her? Dette temaet krev ei kompetanseheving, fokus på kultur og praksis, og avklaring av kva som skal sjåast på som innanfor og utanfor lova. Krenkande maktmisbruk treng ikkje å kome av vond vilje, men ein barnehagetilsett må vere medvitni si makt som vaksen. Medvitsgjering rundt desse vurderingane vil vere viktig for at reglane om nulltoleranse skal takast i bruk, og på lik måte.

Kommentarar til kapittel 9 – Aktivitetsplikt når barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø



Vi vurderer at dette lovforslaget tydeleg er tenkt inn i barnehagesektoren, og at det går fram at det er klare ulikheiter mellom skule og barnehage. Det blir også gjort klart at desse ulikhetene tilseier at regulering av trygt og godt barnehagemiljø må skiljast fra måten det er regulert på for skule. Vi er einig i at det i barnehagesektoren ikkje er tenleg med ein individuell rett, særleg då vedtaksmyndigkeit for barnehagestyrarar ikkje er norma per i dag. Baksida ved manglande individuell rett er manglande klagerett, men tilsynsmyndigheita kan avhjelpe dette, som nemnt i kapittel 11. Vi kjem tilbake til vår vurdering av reglane rundt tilsyn og internkontroll.

Når det gjeld kravet til dokumentasjon frå barnehagane, vurderer vi at det er tenleg at det ikkje blir stilt same krav som for skulen. Barnehagane har ikkje same kapasitet og tid til å handsame eit dokumentasjonskrav som det skulen har. Ein kan stille spørsmål ved om eit altfor krevjande dokumentasjonskrav vil medføre at dei tilsette i barnehagen må bruke meir tid borte frå barna, enn med dei. Fylkesmannen i Vestland er difor einig med departementet i at barnehagen må dokumentere sitt systematiske arbeid og praksis, og ikkje kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta.

Aktivitetsplikta og dei ulike delpliktene er noko som per i dag er framande for barnehagesektoren, særleg grensene og breidda av pliktene. Dette vil krevje kompetanseheving og medvitsgjering for å sikre desse pliktene i praksis. Pliktene må bli reelle. Terskelen for å varsle skal vere lav, men for at dette skal bli reelt, må ein vite kva ein skal sjå etter, vite kva ein ser på som særleg sårbare barn, og vite kva som skal vekke bekymring hos dei tilsette i barnehagen. Også her vurderer vi at det må ei kompetanseheving og medvitsgjering til i barnehagesektoren, ikkje minst for å sikre god og lik behandling og handtering.

Kommentarar til kapittel 11 – Krav til internkontroll i barnehagen

Vi vurderer at krav til internkontroll i barnehagen er heilt naudsynt for å sikre at barnehagane oppfyller pliktene dei får etter dette lovforslaget. Særleg når aktivitetsplikta til barnehagen ikkje kan følgjast opp gjennom ei klagesaks- eller handhevingsordning. Ein slik internkontroll vil krevje ein del frå kommunen som barnehagemyndigkeit med tanke på rettleiing, men også som tilsynsmyndigkeit. Per i dag er det ingen konkrete krav til omfang av tilsyn som barnehagemyndigheita skal gjennomføre. For at det skal bli ei reell oppfølging av arbeidet med barnehagemiljøet, må det stillast konkrete og strengare krav til kommunen som tilsynsmyndigkeit. Etter vår vurdering må i alle fall kravet til hendingsbaserte tilsyn med barnehagar styrkast. Som ei forlenging av dette vurderer vi at rettleiings- og informasjonsplikta bør presiserast. Kven informerer føresette om kva rettar barnet eller dei som føresette, kan ha? Kven sikrar gjennomføring av desse pliktene og kommunikasjon med føresette? Kven melder ein frå til som føresette dersom ein barnehage ikkje oppfyller pliktene sine?

Kommentarar til kapittel 12 – Regulering av kommunen som barnehagemyndigkeit

Fylkesmannen i Vestland er einig i departementet sitt syn om at det er naudsynt å sikre at kommunen som barnehagemyndigkeit har eit tilstrekkeleg uavhengig forhold til dei kommunale barnehagane. Plikta kommunen har til å skilje mellom si rolle som barnehageeigar og myndigkeit bør difor presiserast i lova. Vi vurderer at dette mellom anna er viktig for å sikre at føresette har tillit til kommunen som barnehagemyndigkeit. Videre bør det da, av omsyn til føresette, tydeleggjera



kva som ligg til dei ulike rollene, og kven som har ansvar for kva. Per i dag er «barnehageeigar» og «barnehagemyndigkeit» framande nemningar for føresette, og dette kan føre til at bekymringar utan god grunn blir sendt rundt i «systemet». Vi meiner det er fornuftig med ei presisering av rollene og skiljet mellom desse. Vidare vurderer vi og at dette vil for kommunen sin del bidra til klarare og meir fokusert oppgåveløysing for dei to rollene. Eigarrolla skal vere sjølvstendig, og ikkje påverka av myndigheita i måten barnehageeigaren styrer seg sjølv. På den andre sida er det viktig at kommunen som barnehagemyndigkeit ikkje let seg påverke av at det er «sin eigen» barnehage ein utøver myndigkeit over.

Fylkesmannen i Vestland vurderer at det kan bli krevjande for mindre kommunar å oppfylle kravet til uavhengigkeit. Små kommunar har ofte ein og same person som utfører begge roller, og vil da kunne ha vanskar med å oppnå tilstrekkeleg uavhengigkeit. Trass i dette vurderer vi at det bør og vil vere realistisk å få til også i små kommunar. Dette vil tvinge fram ei medvitsgjering, og små kommunar må finne andre løysingar for å oppfylle lovkrava. Døma som er brukte av departementet i høyringsnotatet ser vi på som tenlege og realistiske. Vi vurderer det som så viktig at desse rollene er skilde, at også små kommunar må finne løysingar som oppfyller dette kravet.

Vi meiner at kravet til uavhengigkeit bør utformast etter mønster frå folkehelselova § 30. Eit krav om å vurdere og dokumentere uavhengigkeit og likebehandling vil bidra til medvitsgjering av skiljet mellom rollene som eigar og myndigkeit, og styrke tilliten til at krava faktisk blir oppfylte. Ordlyden bør etter vår vurdering ikkje bruke uklare formuleringar som «tilstrekkeleg uavhengig» som er open for tolking og legg til rette for ulik forståing og praksis. Slike formuleringar må i så fall presiserast av andre kjelder.

Vi vurderer og at det er tenleg å lovfeste at barnehagemyndigheita skal likebehandle private og kommunale barnehagar. Dette vil sende eit klart signal om kor viktig det er. Det vil også understreke omsynet til skiljet mellom barnehageeigaren og barnehagemyndigheita.

Med helsing

Gunnar Hæreid
ass. Fylkesmann

Line Sperre
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent